

Forskingsmelding for Høgskulen i Volda for 2013

Av Johann Roppen, FoU-rådgivar

Lagt fram for styret for Høgskulen i Volda 5. desember 2013.

Innhold

1.	Innleiing og kjelder	3
2.	Strategiarbeid og sentrale verkemiddel for FoU	5
2.1	Organisering av FoU-arbeidet ved Høgskulen i Volda.....	5
2.2	Eksterne forskningssamarbeid	7
2.3	Sentrale støtteordningar for FoU-arbeid	8
2.4	Skriftseriane og trykkjestøtte	9
2.5	Internasjonalisering av forskinga	9
2.6	Doktorgradsutdanning	10
2.7	Førstelektorkurset	14
2.8	Kompetanseopprykk 2012.....	15
2.9	Interne forskingsprogram og såkornmidlar.....	15
2.10	Meldingar til Personvernombodet for forskning.....	16
3.	Fagtilsette: Kompetanse, alder og kjønn.....	18
3.1	Fagleg kompetanse på HVO	19
3.2	Aldersfordeling	21
3.3	Kjønnsfordeling	22
3.4	Mellombels tilsette.....	24
4.	Publisering og formidling.....	25
4.1	Produksjon av vitenskaplege FoU-poeng ved Høgskulen i Volda.....	25
4.2	Publisering i tidsskrift, antologiar og bøker.....	27
4.3	Publisering etter kompetanse	27
4.4	Publisering og kjønn	28
4.5	HVOs vitenskaplege aktivitet samanlika med andre statlege høgskular.....	29
4.6	Interne publikasjonspoeng.....	29
4.7	Andel av tilsette som publiserer.....	31
4.8	FoU-produksjon og undervisningsomfang	31
5.	Bidrag- og oppdragsfinansiert FoU-arbeid	33
5.1	Forskningsmidlar til statlege høgskular	34
5.2	EU-midlar.....	35
6.	Oppsummering.....	37

1. Innleiing og kjelder

Styret ved Høgskulen i Volda ønskjer å få årlege forskingsmeldingar for å kunne vurdere status og utvikling i høgskulens FoU-arbeid. Forskingsmeldinga presenterer hovudtrekk ved forskingsaktiviteten ved høgskulen og tek opp sentrale utfordringar og målsettingar.

Meldinga omfattar i utgangspunktet status pr 31. desember 2012, men der det er tilgjengeleg informasjon om utviklinga i 2013 er dette omtala.

Forskingsmeldinga for 2013 inneheld stort sett same informasjonen som i tidlegare meldingar, men det er lagt større vinn på å knytte meldinga opp til Strategiplan for FoU og Rapport og planar enn tidlegare. FoU-meldinga skal fungere som ein statusrapport i høve til framdrift i FoU-planen. Tiltak som er nemnde i FoU-planen skal også vere dokumenterte i FoU-meldinga.

Den største utfordringa når det gjeld å knyte saman dei ulike dokumenta er at dei er strukturerte etter litt ulike prinsipp. Strategiplanen har eit målhierarki som går frå overordna og felles målsettingar ned til detaljmål for fellesnivået og avdelingane, men utan ei tematisk ordning slik FoU-meldingane har hatt. Mange av tiltaka er på fellesnivå og er ikkje knytt til konkrete avdelingar eller fagmiljø, noko som betyr at tiltaka må konkretiserast i avdelingsvise FoU-planar.

Rapport og Planar følgjer på si side eit oppsett som har statleg rapportering som rammeverk og med fokus på ein del av tema som er omtalt i Strategiplanen for FoU, men samtidig med ei inndeling der rapportering innanfor kompetanseutvikling blir rapportert under kapitlet for personal og ikkje innanfor FoU. Ein mangel ved Rapport og planar er at sidan desse vert lagt fram på vårparten ligg det ikkje føre statistikk over publikasjonar frå året før, sidan dette blir klart ut på hausten.

Meldinga er organisert i fire kapittel:

- Strategiarbeid og sentrale verkemiddel for FoU.
- Fagtilsette, kompetanse, alder og kjønn.
- Publisering og formidling.
- Bidrag- og oppdragsfinansiert FoU-arbeid.

Det er i hovudsak to eksterne datakjelder som har vorte nytta i arbeidet med FoU-meldinga.

Det er for det første Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste (NSD) sin Database for statistikk om høgare utdanning der det blant anna er tilgjengeleg statistikk omkring stillingskategoriar, årsverk og alder på vitskapleg tilsette i Noreg. Når denne kjelda har vorte nytta er tabellane markert med DBH. Meir informasjon om DBH er tilgjengeleg her: <http://dbh.nsd.uib.no/omdbh/index.action>.

Ei sentral eining i tabellverket frå NSD er at talet på tilsette ikkje er gjennomsnitt for eitt kalenderår men «personalsituasjonen pr 1.10. det enkelte år».

I DBH-statistikken er tilsette ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) teke med i rapporteringa for Høgskulen i Volda, men er i denne forskingsmeldinga ikkje teke med utan at det er særleg spesifisert. Ivar Aasen-instituttet (IAaI) opptre i DBHs data framleis som ei eiga eining, men om ikkje anna er spesifisert vert IAaI her rekna som ein del av AHL.

Den andre sentrale datakjelda er Forskingsinformasjonssystemet CRISTin der blant anna vitenskaplege publiseringar frå vitenskapleg tilsette ved Høgskulen i Volda og alle andre høgskular og universitet blir registrerte. Når denne kjelda har vorte nytta er tabellane merka med CRISTin. Meir informasjon om CRISTin er tilgjengeleg her: <http://www.cristin.no/> Ei potensiell feilkjelde hos CRISTin er at systemet fungerer delvis etter prinsippet om sjølvrapportering, der kvar einskild forskar sjølv skal legge inn informasjon om publiseringar.

2. Strategiarbeid og sentrale verkemiddel for FoU

FoU-arbeidet ved Høgskulen i Volda vert utført av den einskilde forskaren, i forskings- og prosjektgrupper og innanfor rammene av strategiske mål og verkemiddel på avdelings og fellesnivå. Ideelt sett skal desse nivåa vere tett integrerte, og strategiplanen for FoU er det viktigaste verktøyet for å få det til. Denne FoU-meldinga er eit verktøy for å synleggjere og konkretisere dei strategiske måla og knyte dei i hop med kvar einskild forskar sitt arbeid.

2.1 Organisering av FoU-arbeidet ved Høgskulen i Volda

Det overordna dokumentet for styring av forskning og utvikling (FoU) ved Høgskulen i Volda er «Strategiplan for Forsking og utvikling (FoU) 2012-2015» (FoU-planen) som vart vedteken av styret ved Høgskulen i Volda 26. april 2012. Planen vart vedtatt etter ein omfattande prosess der heile organisasjonen vart engasjert.

Den overordna visjonen for FoU ved HVO er formulert slik:

«Høgskulen i Volda skal bygge FoU-aktiviteten på ei brei humanistisk og samfunnsfagleg felles plattform. Den regionale og nasjonale forskingsprofilen vår skal utviklast vidare på dette grunnlaget.»

I Rapport og Planar er det mest overordna målet for FoU-arbeidet ved Høgskulen i Volda formulert slik:

«Høgskulen i Volda skal oppnå betre resultat innan FoU ved god tilrettelegging».

2.1.1 Forskingsutvalet og FoU-administrasjonen

Forskingsutvalet er høgskulens sentrale organ i forskingsspørsmål med mandat frå styret i spørsmål som gjeld:

- Institusjonell kunnskapspolitikk og strategiar for FoU.
- Kultur- og miljøbygging.
- Forskarutdanning- og kompetansebygging.
- Rekruttering av nye forskarar.
- Tilrettelegging for etablerte forskarar.
- Ha kontakt med og stimulere arbeidet i forskingsgruppene.

Det siste året har Forskingsutvalet vorte utvida ved at avdelingane har fått med ein representant i tillegg til dekan og studentane har fått fast plass i Forskingsutvalet. I tillegg har Møreforskning fått observatørstatus, mot tidlegare fast plass i utvalet. Utvalet består av 12 faste medlemmer og 6 observatørar.

Forskningsutvalet har med verknad frå hausten 2013 oppretta underutvalet Publiseringutvalet. Publiseringutvalet tek over oppgåvene frå Skriftserieutvalet og har i tillegg ansvaret for kvalitetssikring av publiseringar og utvikling av Fri tilgang («Open Access»). Prorektor Marie Nedregotten Sørbo var leiar i Forskningsutvalet frå hausten 2011 og fram til sommaren 2013. Frå sommaren 2013 tok rektor Per Halse over som leiar for Forskningsutvalet.

FoU-administrasjonen var i 2012 samansett av FoU-leiar Lars Julius Halvorsen og FoU-konsulent Mona Hide Clausen. I 2013 er Fou-administrasjonen samansett av FoU-rådgivar Johann Roppen og FoU-konsulent Geir Tangen (frå juni 2013). Marit Gridseth Flø vikarierte som FoU-konsulent våren 2013.

Sidan 2011 har det vore to runder med fullstendig utskifting både av leiinga i Forskningsutvalet og i FoU-administrasjonen. Dermed blir det ekstra utfordrande å beholde kontinuitet i arbeidet, samtidig som nye personar også kan gje nye impulsar i FoU-arbeidet.

FoU-rådgivar er saksbehandlar og skrivar for Forskningsutvalet, FoU-meldinga, koordinering av søknadsprosessar og kontakt mot fagmiljøa, blant anna stipendiatane. FoU-konsulent er saksbehandlar og skrivar for Publiseringutvalet, skriftseriane, Forskningsdagane, kvalitetssikring av FoU-registreringar (CRISTin) og for FoU-administrasjonens nettsider.

Av oppgåver omtalte i FoU-planen og i Rapport og Planar har FoU-administrasjonen eit naturleg ansvar for koordinering av ressursar til forskarskular, kurs og faglege forum, evaluering av interne satsingar som forskingsprogram og stipendiatprogram og formidling av forskning.

2.1.2 Forskningspolitiske dokument på HVO

Styret ved høgskulen vedtok 26. april 2012 «Strategiplan for Forsking og utvikling (FoU) 2012-2015» (FoU-planen). Fleire element i FoU-planen har seinare vorte lagt fram for styret:

- «Rapport og Planar» (våren 2013).
- Evaluering av interne forskingsprogram (våren 2013).
- Avdelingsvise FoU-planar i forlenging av den overordna FoU-planen (våren 2013).

I FoU-meldinga for 2013 vil desse evalueringane bli refererte der det er naturleg.

2.1.3 FoU-arbeid på avdelingane

Det meste av FoU-arbeidet foregår på avdelingane gjennom dei vitenskapleg tilsette sin FoU-andel av sine stillingar. Dekan på kvar avdeling disponerer FoU-ressursen gjennom arbeidsplanar der kvar einskild tilsett får definert både undervisning og FoU.

Ramma for tildeling av FoU-ressurs er eit styrevedtak i 1999 der det vart vedteke følgjande retningsgjevande satsar for bruk av FoU-tid på avdelingane:

Tabell 1:**Retningsgjevande satsar for tidsbruk innanfor ulike stillingstypar på HVO.**

Stillingstype	Undervisn.	FoU	Fagleg fornying	Administrasjon	Forsknings- (rett)-leiing	I alt
Professor/dosent *)	35	35	10	5	15	100
1.am./1.lektor	50	35	10	5		100
Aman/h.lekt.	55	30	10	5		100
Høgsk.l.	80	0	15	5		100

*) Gjeld berre professorar og dosentar tilsett i stilling – ikkje etter personleg opprykk.

I kva grad denne fordelinga av arbeidstida faktisk blir gjennomført på avdelingane er det ikkje gjort systematiske analysar av.

I 2013 har Forskningsutvalet teke opp att spørsmålet gjeldande felles kriterier for tildeling av FoU-ressurs, blant anna med utgangspunkt i utgreiingane og styrevedtaka frå 1999. Hausten 2013 vart det oppretta ei arbeidsgruppe som skal vurdere spørsmåla omkring fordeling av arbeidstid på FoU og andre føremål. Eventuelle endringar kan tidlegast skje hausten 2014.

Det er eit strategisk mål i HVOs FoU-plan at avdelingane skal auke prosjektsamarbeidet på tvers av avdelingane. Dette har ikkje tidlegare vorte systematisk undersøkt så det er vanskeleg å vite sikkert korleis utviklinga ser ut.

2.2 Eksterne forskningssamarbeid

FoU-Plan	Rapport og planar
5. Strategiske arbeidsmåtar 5.7 HVO vil nytte seg av ressursane som ligg i forskarskulane vi har avtale med: Religions, Values, Society, Nasjonal Forskerskole for Lærerutdanning og Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies, og delta i etableringa av nye forskarskular innanfor strategisk viktige område. 5.14 HVO skal samarbeide om forskingsprosjekt innanfor Mørealliansen, Midtnorsk Nettverk og UHnettVest. 5.16 HVO skal auke omfanget av anvendt forskning mellom anna gjennom betre samarbeid med Møreforskning.	Utfordringar og sentrale risikovurderingar • at vi utnyttar eigarskapen til og samarbeidet med Møreforskning til å utvikle felles forskningssatsingar Tiltak i perioden 2011 til 2014 • Organisere forskingsinnsats i større integrerte program med nasjonale og internasjonale nettverk • Etablere forskarskular i samarbeid med UH-nett Vest • Utvikle det faglege og organisatoriske samarbeidet innan UH-nett Vest, Mørealliansen og andre relevante fagmiljø nasjonalt og internasjonalt

Høgskulen i Volda har ei rekkje regionale og nasjonale samarbeidspartnarar på institusjonsnivå og i konkrete forskingsprosjekt.

Høgskulen i Volda eig Møreforskning AS i lag med dei andre høgskulane i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune. Møreforskning Volda arbeider på fagområde som også er viktige

høgskulen. I 2012 var det éin HVO-tilsett på ASH som var engasjert i mindre grad i to prosjekt på Møreforsking Volda, og Møreforsking Volda var engasjert i eitt prosjekt tilknytt HVO. Også dette prosjektet var tilknytt ASH. Prosjektsamarbeidet mellom HVO og Møreforsking Volda er truleg på det lågaste nivået nokon gong.

Dei siste to åra har Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde arbeidd med planar om felles PhD-utdanning.

Forskingsmiljøa i Møre og Romsdal samarbeider også gjennom samarbeidsforumet Mørealliansen som vert koordinert av Forskringsrådets regionale representant.

På tvers av fylkesgrensene deltek Høgskulen i Volda i forskningssamarbeidet UH-Nett Vest som består av alle høgskular mellom Volda og Høgskulen i Stord/Haugesund. Høgskulen i Volda deltek også i Midtnorsk nettverk som består av høgskular frå Volda i sør til og Høgskulen i Nord-Trøndelag.

Innanfor desse regionale samarbeida stiller dei deltakande institusjonane opp med litt forskingsmidlar til samarbeidstiltaka innanfor avgrensa fellesprosjekt som har som føremål å bygge regionale nettverk og å fungere som såkornmidlar til større prosjekt.

2.3 Sentrale støtteordningar for FoU-arbeid

2.3.1 FoU-stipend

FoU-stipend er ei veletablert ordning ved Høgskulen i Volda. Føremålet med ordninga er å gje fagleg tilsette høve til å arbeide konsentrert med forskingsarbeid i eitt semester. Kvart år vert det delt ut 10 FoU-stipend etter ein prosess der alle fast tilsette vert inviterte til å kome med søknader, avdelingane tilrår og Forskringsutvalet prioriterer FoU-stipend. FoU-stipenda vert tildelte av direktøren ved HVO. For 2014 har Forskringsutvalet tilrådd at FoU-stipenda vert auka til kr 180.000.

Ordninga er vel kjent og innarbeidd og er også eit viktig element innanfor den 5-årige doktorgradsordninga ved at fast tilsette som går inn i ordninga får to FoU-stipend i løpet av PhD-studiet. Det siste året har det vore ein auke i tilsette som går inn i 5-årige doktorgradsordningar noko som vil binde opp fleire FoU-stipend i åra som kjem.

Rapporteringa for bruken av FoU-stipenda for 2012 kan tyde på at det har vore vanskelegare å gjennomføre FoU-stipenda som planlagt for fleire av stipendmottakarane, og det vert difor understreka at tilfredsstillande vikarordning må vere på plass før ein kan ta i bruk stipendet.

I HVOs FoU-plan er rekruttering av fleire kvinner til toppstillingar rekna som ei viktig utfordring, og under strategiske arbeidsmåtar står det at kvinner som er nær toppkompetanse skal prioriterast ved tildeling av stipend, stønader eller forskningstid.

Ved tildeling av FoU-stipend for åra 2011-2014 har kvinner fått 20 av av 40 stipend.

2.3.2 Små driftsmidler

I åra 2006-2010 fanst det ei nasjonal ordning for finansiering av ulike slag mindre driftskostnader ved FoU-verksemnda til fagleg tilsette. Frå 2011 vart ordninga lagt inn i rammeløyvinga til institusjonane. Høgskulen i Volda har valt å vidareføre ordninga etter mønster frå tidlegare. Små driftsmidler vert tildelt av leiinga etter tilråding frå Forskingsutvalet. Forskingsutvalet har laga kriterier for ordninga. Blant anna er det sett ei øvre grense på tildeling på kr 30.000 til einsildpersonar og kr 60.000 til forskingsgrupper.

2.4 Skriftseriane og trykkjestøtte

Skriftseriane er eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda og Møreforsking Volda. Det vert gjeve ut to skriftseriar; Rapport og Notat, med ulike tersklar for godkjenning. Alt som vert publisert i skriftseriane vert gjort gratis tilgjengeleg på høgskulens nettsider.

Fagleg tilsette ved dei to institusjonane kan publisere i skriftseriane. Føremålet er å tilby eit supplement til nasjonale og internasjonale forlag og tidsskrift. Møreforsking Volda brukar seriane som allmenn publiseringskanal for rapportar frå oppdragsprosjekt.

Høgskulen i Volda har ei ordning for trykkjestøtte som er eit tilskot som vert gjeve for å sikre publisering i eksterne publiseringskanalar, først og fremst på forlag. Vitskaplege monografiar blir prioritert, men også andre typer utgjevingar kan få stønad. Stønadsbeløpet vil variere med trykkjekostnader og budsjettsituasjon.

Tildelingar av trykkjestøtte er publisert på nettsidene til publiseringsutvalet.

2.5 Internasjonalisering av forskinga

FoU-plan	Rapport og Planar
2. Utfordringar 2.10 få meir fokus på internasjonalisering 3. overordna mål 3.8 arbeide for at alle avdelingar får naudsynt toppkompetanse med tanke på nasjonale og internasjonale forskingsoppdrag 3.12 ha internasjonal standard, aukande samarbeid med forskarar i andre land også innafor EU- programma 4. Resultatmål i planperioden 4.2 Minst 50 % av dei tilsette med FoU-ressurs har kommunisert faget sitt internasjonalt: på konferanse, i antologi, monografi, tidsskrift eller prosjektdeltaking. 5. Strategiske arbeidsmåtar 5.15 Vi skal vere med på søknader i internasjonale prosjekt, t.d. under Horizon 2020. 7. Strategiar og tiltak på avdelingsnivå	Verksemdmål 2.1: Høgskulen i Volda skal oppnå betre resultat innan FoU ved god tilrettelegging • Høgskulen i Volda skal stimulere tilsette til å delta i internasjonale kompetansenettverk og knyte til oss internasjonale forskarnettverk gjennom Strategiske høgskuleprosjekt og andre større forskingsprosjekt. Verksemdmål 2.3: Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillingar syte for god gjennomføring av forskarutdanninga <i>Resultatmål:</i> HVO legg no til rette for at stipendiatar skal ha utanlandsopphald. Vilkår for støtte til utanlandsopphald er formalisert i dokumentet

7.6 Tiltak som kan auke graden av internasjonalt engasjement	Reglar, rettar og plikter for stipendiatar ved HVO.
--	---

Høgskulen i Volda har ikkje formalisert internasjonale forskingssamarbeid med utanlandske institusjonar, men samarbeider med internasjonale forskingsmiljø på einskildprosjekt. HVO-tilsette er også tilknytte internasjonale nettverksbyggjande tiltak som til dømes EUs COST Action. Dette var ei utløyssande årsak til at HVO i 2013 fekk EU-midlar på prosjektet «Travelling Texts, 1790-1914», som ein av fleire samarbeidspartnarar.

Det er mest aktuelt med samarbeid med utanlandske institusjonar omkring PhD-søknaden med utspring i sosialfag. Ved Avdeling for mediefag er det alt i gang eit fagleg samarbeid omkring «Kald krig»-prosjektet der det i 2013 også har vore innreisande mastergradsstudentar frå Tyskland.

Publikasjonslista for 2012 syner at 25 av ca 107 arbeid var skrivne på engelsk, og i tillegg var eitt skrive på tysk. 17 forfattarar stod for dei 25 arbeida. Dermed er det ca 10 prosent av forskarane på HVO som publiserte på engelsk i 2012.

2.6 Doktorgradsutdanning

Dei siste 20 åra har over 100 HVO-tilsette arbeidd med doktorgradsprosjekt. Det kan ha skjedd i form av stipendiatstilling på HVO eller andre stader, tilsette kan ha arbeidd sjølvstendig med dr.philos avhandling eller fått FoU-stipend eller andre forskingsmidlar med doktorgradsarbeid som eit siktemål.

Det er fleire vegar fram mot doktorgrad innanfor Høgskulen i Volda som organisasjon. For det første kan HVO tilsette konkurrere om stipendiatstillingar på HVO. Stipendiatstillingane er finansierte av HVOs strategiske løyvingar og kan vere tre- eller fireårige. For det andre kan fast tilsette som får opptak på PhD-studium gå inn i 5-årige prosjekt. Desse er blant anna finansierte gjennom FoU-stipend og bruk av FoU-tid i stilling. Ein tredje veg til doktorgrad er kvalifisering gjennom Dr.philos ordninga.

HVO er ein del av eit nasjonalt kunnskapssystem der høgskulen både får tilført kompetanse utanfrå og også avgir kompetanse til andre utdannings- og forskingsinstitusjonar. Dette gjeld også på doktorgradsnivå. I eit oversyn frå våren 2013 går det fram at litt over 100 HVO-tilsette har arbeidd med doktorgradsprosjekt i gjennom ulike ordningar dei siste 20 åra. Av desse har ca 50 fullført sine doktorgradsprosjekt, medan ¼ var prosjekt som framleis var aktive medan resten anten var på overtid eller hadde vorte avslutta utan disputas.

Tabell 2:
Doktorgradsprosjekt ved HVO (1992-2013)

	Stipendiatar	Andre	I alt
Fullført, HVO-tilsett	13	23	36
Fullført, ikkje HVO-tilsett	9	5	14
Pågåande	18	5	23
Overtid	11	2	13
Avslutta utan disputas	13	2	15
I alt	64	37	101

I FoU-planen er doktorgradsutdanning eit viktig punkt som går igjen på alle nivå, og i Rapport og planar er doktorgradsutdanning eit eige verksemdsmål.

FoU-Plan	Rapport og Planar
2. Utfordringar 2.3 få betre gjennomstrøyming av doktorgradskandidatar 3. Overordna mål 3.10 legge til rette for at stipendiatane kan gjennomføre doktorgradsarbeidet på normert tid 4. Resultatmål 4.7 Minst 75 % av dei som har planlagt å fullføre doktorgrad med støtte frå HVO i planperioden har fullført. 5. Strategiske arbeidsmåtar: 5.7 HVO vil nytte seg av ressursane som ligg i forskarskulane vi har avtale med: Religions, Values, Society, Nasjonal Forskerskole for Lærerutdanning og Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies, og delta i etableringa av nye forskarskuler innanfor strategisk viktige område. 5.8 Stipendiatar skal følgjast opp slik det går fram av regelverk for stipendiatar, revidert 2011. Rettleiinga skal ha spesielt fokus på planlegging for gjennomføring. Ein skal nytte seg av stipendiatane sine erfaringar og undervegs-evaluering for å sikre god tilrettelegging. 6. Tiltak på fellesnivå 6.7 Gjere ein gjennomtenking av HVO sine personalbehov og prioritere framtidig stipendiatsatsing 7. Strategiar og tiltak på avdelingsnivå 7.4 Tiltak som kan betre gjennomføringsgraden for doktorgradskandidatar	Verksemdmål 2.3: Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillingar syte for god gjennomføring av forskarutdanninga <i>Resultatmål:</i> (...) Alle stipendiatar skal følgjast opp med medarbeidersamtale minst ein gong i året. Dette blir gjennomført på alle avdelingane. Høgskulen i Volda legg til rette for at stipendiatar kan ha kortare eller lengre utanlandsopphald. HVO legg til rette for at stipendiatar skal ha utanlandsopphald. Vilkåra for støtte til utanlandsopphald er formalisert i dokumentet Reglar, rettar og plikter for stipendiatar ved HVO. Kommentarar: Stipendiatsatsinga er svært viktig for Høgskulen i Volda. For å betre gjennomstrøminga er det gjort grep i alle deler av stipendiatoppfølginga. Før tilsetting vert aktuelle søkjarar innkalla til intervju for å formidle forventningar og krav og sjekke motivasjon. Stipendiatar blir ikkje formelt tilsett før dei er tekne opp på doktorgradsprogram. Dei fleste stipendiatane blir knytte til større interne program med klare mål, god rettleiing og oppfølging. For å sikre smidig start er det sett av ressursar til ei fadderordning for nye stipendiatar. Medarbeidersamtale blir brukt som verktøy for å

	følgje opp stipendiaten undervegs og til å gjere naudsynte grep for å sikre framdrifta. Stipendiatprogramma er ennå ikkje evaluerte, men vil etter planen bli det i løpet av 2013. (...) Forskningsutvalet skal ein gong i året handsame statusrapport over framdrift og oppfølging vedrørende stipendiatar og andre i doktorgradsløp.
--	---

2.6.1 Ressursar til og prioritering av stipendiatar

Stipendiatstillingar er den viktigaste av dei sentrale FoU-ressursane ved Høgskulen i Volda. Høgskulen har løyvingar som tilsvarer 14 stipendiatar i treårsløp eller ca 19 i fireårsløp.

I løpet av 2013 går stipendiatengasjementet ut for 8 stipendiatar, og Høgskulen lyste difor ut 8 stipendiatstillingar hausten 2013. Dette skjedde etter ein omfattande prosess som starta i 2012

Det ser lovande ut med tanke på å få tilsett stipendiatar i alle stillingane. I 2014 er det tre nye stipendatar som etter planen vil fullføre sine engasjement.

Vinteren 2013 vart det gjennomført ei spørjeskjemaundersøking blant stipendiatane ved HVO og dei seier seg i hovudsak nøgde med tilværet som stipendiat ved Høgskulen i Volda.

2.6.2 Gjennomstrøyming av stipendiatar

Så godt som alle stipendiatar får forlenga sine stipendiatperiodar på grunn av sjukdom, omsorgspermisjon og einskilde andre faktorar. Det er difor svært få stipendiatar som fullfører sine prosjekt på tidspunktet som blir avtala ved prosjektstart.

På nasjonalt plan er det i underkant av 50 prosent av stipendiatane innanfor samfunnsfag og humaniora som har fullført sin doktorgrad 5 år etter at dei starta. Etter 7 år er det knapt 2/3 som har fullført doktorgrad.¹

Frå januar til september 2013 vart det gjennomført 6 disputasar av HVO-tilsette eller stipendiatar som hadde vore HVO-tilsette. Av desse 6 var det 5 tidlegare stipendiatar. Også for resten av 2013 og året 2014 er det grunn til å rekne med at mange stipendiatar vil fullføre sine doktorgradsprosjekt.

¹ Wendt, Kaja. 2011: Det norske forsknings- og innovasjonssystemet – statistikk og indikatorer. Norges forskningsråd. Oslo.

Førebels er det likevel slik at det er fleire HVO-tilsette med doktorgrad som har gjennomført sitt doktorgradsprosjekt innanfor FoU-tid i faglege stilling enn som stipendiatar ved HVO. Men utviklinga går klart i retning av at stipendiatane faktisk fullfører sine doktorgradsprosjekt og går inn i – eller tilbake til – faglege stillingar ved HVO.

Det er til store skilnader mellom avdelingane når det gjeld fullføringsgrad for stipendiatar og fordeling mellom stipendiatar og tilsette som har fullført doktorgrad innanfor FoU-tid av stilling. Ved AHL er det berre ein HVO stipendiat som har disputert, medan ca 20 fast tilsette har teke doktorgrad innanfor FoU-tid av si stilling. Ved AMF er det 7 stipendiatar som har disputert i tillegg til 2 som har arbeidd med doktorgrad innanfor stillinga. Til saman har ca 13 stipendiatar ved HVO avslutta sine PhD-løp utan å disputere. Dette utgjer ca 20 prosent av alle stipendiatar. HVO har eit mål om 75 prosent fullføringsgrad for stipendiatar, noko som kan vere realistisk men ikkje innanfor normert tid eller 6 år etter påbegynt doktorgradsstudium.

For å gjere det lettare for stipendiatane å gjennomføre sine doktorgradsprosjekt vart det gjort fleire grep i 2011. Den interne stillingsressursen til oppfølging av stipendiatar vart auka. Samtidig vart driftsmidlane til stipendiatar auka. Gjennom rullering av regelverket *Reglar rettar og pliktar for stipendiatar ved HVO* er også støtteordningar for språkvask og utanlandsopphald styrka.

2.6.3 Stipendiatprogramma og avhandlingsforum

Det overordna strategiske perspektivet for å styrke gjennomføringsgraden for stipendiatar har vore å opprette to stipendiatprogram: I fagdidaktikk og profesjonsforskning. Fagdidaktikk-programmet er i ferd med å bli avslutta og vil bli evaluert i full breidde i 2014.

Eit anna sentralt verkemiddel for å følgje opp stipendiatene er Avhandlingsforum. Det har vore varierende deltaking på forumet frå stipendiatane si side, og dei ansvarlege bak avhandlingsforum ønskjer difor ei vurdering av tiltaket.

FoU-plan	Rapport og planar
5. Strategiske arbeidsmåtar 5.3 Høgskulen vil følgje opp dei interne forskingsprogramma som vart tildelt i førre periode og evaluere desse med tanke på moglege nye satsingar på andre fagfelt.	Resultatmål: Høgskulen i Volda skal evaluere ordninga med å knyte stipendiatar til program. Stipendiatprogramma er ennå ikkje evaluerte, men vil etter planen bli det i løpet av 2013. Stipendiatprogrammet i fagdidaktikk skal halde fram i 2012. Fagdidaktikkprogrammet har halde fram i 2012. Seks stipendiatar er knytt til programmet. Stipendiatprogrammet i profesjonsforskning skal vidareførast i 2012. Stipendiatprogrammet i profesjonsforskning er vidareført i 2012. Tre stipendiatar følgjer programmet. En fjerde person har takket ja til stipendiatstilling og vil bli

	tilsett under føresetnad av opptak på godkjent doktorgradsprogram.
--	--

2.6.4 Forskarskular

Innanfor forskarutdanning (PhD-utdanning) er høgskulen medlem i forskarskular på område som er fagleg relevante for våre fag og doktorgradsprosjekt.

I dag er HVO med i desse forskarskulane:

- NAFOL (Nasjonal forskarskule for lærarutdanning)
- NATED (National Graduate School in Education)
- Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies
- RVS (Religion Values Society)

Felles for desse forskarskulane er at HVO forpliktar seg som institusjon til å delta – i det minste i form av å betale for medlemskap. Deltakinga i forskarskulane frå HVOs stipendiatar varierer. Til dømes er det berre ein stipendiat som deltek i NAFOL, trass i at dette er eit gratis tilbod.

HVO bør difor gå gjennom og vurdere både medlemskap, innhald og institusjonens og stipendiatanes forpliktingar overfor forskarskulane.

2.7 Førstelektorkurset

Førstelektorkurset var også tema i evaluering av FoU-satsingar vinteren 2013. Førstelektorkurset vart starta i 2008 på initiativ frå Kjell Arild Madssen i samband med at han deltok som HVOs representant i UH Nett Vest. Førstelektorkurset vart starta som ei alternativ løype ved sidan av kursa i vitskapsteori og metode i regi av UH Nett Vest, då det vart bestemt at UH Nett Vest kursa skulle rettast inn mot doktorgradsutdanning. Førstelektorkurset omfattar vitskapsteori, metode og vitskapleg skriving.

Det har vorte halde fire kurs med ca 20 deltakarar på kvart kurs og til saman 84 deltakarar. Av dei kom 28 frå HVO og dei andre frå HSF (19), HSH (12), UiS (10), HiÅ (7), HiM (5), Nynorsksenteret (1) og Statped Vest Sandane (1). Av HVOs deltakarar har 4 fått førstelektorkompetanse og 5-6 andre planleggjer søknad.

Madssen peikar på at det ikkje har vore innanfor ramma av prosjektet å følgje opp kursdeltakarane etter kurset. Prosjektleiaren Madssen er usikker på om samarbeidet på UH Nett Vest vil halde fram. Det er også noko uklart om kurset kan/bør koplust til andre poenggejvande tiltak som kurs i vitskapsteori og metode.

Forskningsutvalet ved HVO ønskjer å vurdere Førstelektorprogrammet som eiga sak på eit seinare møte i Forskningsutvalet og ønskjer samtidig ei kartlegging av status og framdrift i førstelektorløpet for deltakarane på førstelektorkursa.

2.8 Kompetanseopptrykk 2012

Høgskulen har ei rekkje verkemiddel for å heve kompetansen i organisasjonen. Tabellen nedanfor gir eit oversyn over resultatet av kompetansehevingsaktivitetar og faglege opptrykk i 2012.

Tabell 3:

Kompetanseheving ved Høgskulen i Volda 2010-2012. Opptrykk.

År	Dr. gradsløp	Disputas	Førstelektor	Første- amanuensis	Professor
2012	29	4	6	4	4
2011	34	1	1	1	3
2010	30	1	3	1	0

Kjelde: DBH

Den klart største satsinga på kompetanseheving er retta mot doktorgrad og kompetanse som førsteamanuensis. Som det går fram av tabellen var 29 av dei tilsette på HVO i doktorgradsløp i 2012.

Heile seks opptrykk til førstelektor og fire til førsteamanuensis var gode tal samanlikna med 2011.

Fire professoropptrykk var også betre enn 2011 og er eit godt resultat.

Utsiktene for resten av 2013 og 2014 er gode. Det er alt gjennomført seks vellukka disputaser i 2013, noko som gjer 2013 til eit toppår. Samtidig har fleire dr.gradsstudenter signalisert at dei er nær ved å fullføre avhandlingane sine.

2.9 Interne forskingsprogram og såkornmidlar

Hausten 2010 vart den interne FoU-satsinga «Interne forskingsprogram» lansert. Føremålet var å prioritere interne ressursar i fokuserte program for å oppnå langsiktig og målretta FoU-innsats på dei strategiske satsingsområda til høgskulen. Innanfor ordninga vart det etablert to verkemiddel: forskingsprogram og såkornmidlar.

Tre program mottok til saman kr 900.000,- pr år i fire år:

- Roar Amdam, ASH: *Offentleg innovasjon, læring og planlegging* 100.000,-
- Peder Haug, AHL: *Lærer- og elevrolla i dagens skule* 400.000,-
- Rolf Werenskjold, AMF : *Fra Helsinki-konferansen til Berlinmurens fall: Mediene og journalistikken i den andre kalde krigen.* 400.000,-

For hausten 2011 og våren 2012 vart det tildelt til saman kr 700.000,- i såkornmidlar til følgjande prosjekt:

- Michael Schulte, AHL: *Metafor og symbol- den kognitive visualiseringen gjennom språket* 80.000,-
- Bernt Øyvind Thorvaldsen, AHL: *Litteratur og historie* 80.000,-

- | | |
|--|-----------|
| - Tobias Werler, AHL: <i>Forskjellsskolen – suksess og nederlag i utdanningen</i> | 120.000,- |
| - Wenche Torrisen og Kjetil Høydal, AKF: <i>Gir kultur betre helse?</i> | 185.000,- |
| - Anne-Sofie Egset, ASH og Øystein Salhus, AKF: <i>Musikk og helse – eit pilotprosjekt for personar med demens</i> | 65.000,- |
| - Kåre Heggen, ASH: <i>Profesjonsrolla i barnevernets førstelinje</i> | 120.000,- |
| - Alf Tomas Tønnessen, AHL: <i>Secular Norway – Religious USA</i> | 50.000,- |

I tillegg fekk Jon Olav Myklebust, ASH og prosjektet *Vulnerable youth in transition to adult life* tildelt til saman kr 200.000,- for vår og haust 2012.²

Det vart lyst ut 8 stipendiatstillingar i mars 2013, men det er berre eitt av forskingsprogramma som har vorte tildelt ei stipendiatstilling. Dette er eit brot med forventningane som kunne stillast til programma ved prosjektstart i høve til fagleg spissing.

Vurderinga til Forskingsutvalet våren 2013 var at det var for tidleg å vurdere om ordninga med internt finansierte forskingsprogram bør følgjast opp vidare som ei ordning også i framtida.

Det varierer mykje i kva grad prosjekta lukkast med å skaffe tilleggsmidlar utanfrå. Sterkast gjennomslag har Peder Haug fått med eksterne forskingsmidlar på over kr 11 mill i samarbeid med Høgskulen i Hedmark og Universitetet i Stavanger.

Eit problem i evalueringa av forskingsprogram er at publiseringar frå HVO-tilsette ikkje systematisk vert knytte til prosjekt registrerte i CRISTin – det er diverre tilfeldig i kva grad prosjekt vert registrerte i CRISTin, noko som i somme tilfelle medfører at HVO-dominerte prosjekt blir registrerte under andre/samarbeidande institusjonar eller ikkje registrerte i det heile.

2.10 Meldingar til Personvernombodet for forskning

NSD (Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste) er personvernombod for forskning ved Høgskulen i Volda. I prosjekt der det vert samla inn personopplysningar skal det sendast melding til Personvernombodet

I tabellen nedanfor går det fram kor mange prosjekt ved HVO som har vorte meldt til NSD dei siste åra.

Det er store skilnader mellom avdelingane når det gjeld kor mange prosjekt som vert melde til Personvernombodet.

Av dei 48 prosjekta som vart melde i 2012 var det 43 studentprosjekt og 5 forskarprosjekt. 15 av prosjekta vurderte NSD som ikkje-meldepliktige – alle var studentprosjekt.

² Av disse utgjorde 33.000,- programmidler og 167.000 strategiske midler.

Tabell 4:**Prosjekt frå HVO innmeldt til personvernombodet for Forsking (NSD) 2006-2012.****Fordelt på avdelingar.**

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	I alt
AHL	12	21	13	12	12	16	17	103
AKF	0	0	1	2	4	2	16	25
EVU	0	0	0	0	0	0	2	2
AMF	0	0	3	2	0	0	0	5
ASH	2	4	11	3	10	13	9	52
IAal	0	0	2	0	1	1	4	8
Nynorskstr.	0	1	0	0	0	0	0	1
I alt	14	26	30	19	27	32	48	196

I 2012 betalte HVO i alt ca kr 136.000 for tenestene frå NSDs personvernombod – beløpet er samansett av eit grunnbeløp på kr 36.000 og i tillegg ei avgift på kr 2.100,- pr melde prosjekt.

3. Fagtilsette: Kompetanse, alder og kjønn

Dei tilsette er høgskulens viktigaste ressurs, og å beholde, utvikle og å rekruttere ny fagkompetanse er nødvendig for at HVO og alle andre høgskular og universitet skal leve og overleve. Føremålet med denne gjennomgangen er å gjere greie for status når det gjeld dei høgskuletilsettes kompetanse, alder og kjønn.

FoU-planen	Rapport og planar
3. Overordna mål 3.1 halde oppe og utvikle høg kompetanse gjennom forskning på fag vi underviser i 3.8 arbeide for at alle avdelingar får naudsynt toppkompetanse med tanke på nasjonale og internasjonale forskingsoppdrag	Utfordringar og sentrale risikovurderingar Rekruttering og kvalifisering av tilsette Høgskulen i Volda har ein fagstab på 200 på heiltid og deltid. På grunn av aldersstrukturen må minst 1/3 av staben fornyast dei komande 10 åra. Spesielt er det ei utfordring å rekruttere nye medarbeidarar med høge kvalifikasjonar. Dei fleste av våre professorar og dosentar har vi kvalifisert sjølve. Manglande toppkompetanse kan bli ein flaskehals for fagleg utvikling. Gjennom stipendiatprogram, forskingsprogram, førstelektorutdanningar, kvalifiseringsmidlar og forskings- og utviklingsprosjekt vil vi vidareutdanne og kvalifisere eigne medarbeidarar. I tillegg vil vi satse på å rekruttere nye medarbeidarar. Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal auke til over 50 %. Vi har ikkje nådd målet, men auka til 45,6%.
Kommentar: Den faglege orienteringa hos HVO-tilsette kan vanskeleg målast med statistikk frå DBH, men vi kan måle utviklinga når det gjeld formell kompetanse på overordna nivå og internt på avdelingane.	

3.1 Fagleg kompetanse på HVO

I tabell 5 er det presentert tal for utviklinga i talet på fagleg tilsette og fordeling mellom ulike stillingstypar etter kompetanse.

Tabell 5:

Undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger ved HVO fordelt på stillingstypar for åra 1996, 2000, 2005, 2010, 2011, 2012 og alle Statlege høgskular (STH) 2012. Prosent av utførte årsverk.

	1996	2000	2005	2010	2011	2012	STH 2012
Stipendiat/postdoktor/Forskar	0 %	5 %	8 %	13 %	12 %	9 %	10 %
Høgskulelærer	16 %	15 %	9 %	9 %	8 %	7 %	5 %
Høgskulelektor/amanuensis	57 %	48 %	45 %	40 %	43 %	43 %	44 %
Førstelektor	2 %	9 %	11 %	10 %	11 %	12 %	11 %
Førsteamanuensis	21 %	18 %	18 %	17 %	14 %	16 %	20 %
Professor/Professor II	2 %	4 %	7 %	9 %	10 %	11 %	8 %
Dosent/Høgskuledosent	2 %	1 %	1 %	2 %	2 %	2 %	1 %
I alt	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Årsverk	137,5	142,0	151,4	203,7	199,4	186,2	5 072

Talet på fagleg tilsette ved Høgskulen i Volda auka fram til 2010, men har deretter minka noko. Nedgangen har skjedd hovudsakleg innanfor stillingstypane stipendiatar og høgskulelærarar. Talet på professorar aukar.

Sett i høve til gjennomsnittet for statlege høgskular ligg Volda på eller like ved landsgjennomsnittet på dei fleste stillingstypar, men har færre førsteamanuensar og fleire professorar enn andre statlege høgskular.

I Høgskulen i Voldas FoU-plan er eitt av resultatmåla at minst 50 prosent av dei tilsette skal oppnå førstekompetanse eller høgare. Av tabell 5 kan ein sjå at førstelektorar, førsteamanuensar, dosentar og professorar til saman utførte ca 41 prosent av alle faglege årsverk i 2012, mot ca 37 prosent dei to åra før. Tek ein stipendiatar ut av reknestykket aukar andelen førstekompetente og var i 2012 oppe i 46 prosent, som er det høgaste nivået nokon gong.

3.1.1 Kompetanse på avdelingane

Avdelingane ved HVO er ikkje like store, den formelle kompetansen varierer også mykje mellom avdelingane. I dei to tabellane nedanfor er det først presentert talet på tilsette i alle fagstillingar for alle avdelingar og deretter talet på tilsette i førsteamanuensis- og professorstillingar.

Toppkompetente har nøkkelkompetanse som ligg til grunn for at høgskulen skal få akkreditert sine studietilbod på andre og tredje syklus, og det er også i desse gruppene ein finn forskingskompetansen som er nødvendig for å gjennomføre forskingsprosjekt. I tabellen nedanfor går det fram korleis talet på årsverk utført av toppkompetente har utvikla seg for kvar avdeling for åra 2008-2012. For 2012 er det også oppgitt kor stor andel førstekompetente og professorarar utgjer av alle utførte årsverk på avdelingane.

Tabell 6:
Årsverk pr avdeling 2008-2012.

Avd	2008	2009	2010	2011	2012
AHL	66,7	72,3	75,3	74,8	69,2
AKF	34,4	38,2	37,8	37,0	38,3
AMF	26,4	32,2	29,8	28,3	26,0
ASH	45,6	49,1	52,6	51,3	45,7
Felles	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2
Nynorsk	3,7	5,6	7,1	6,9	5,9
HVO i alt	178,0	198,6	203,8	199,5	186,3

Ivar Aasen-instituttets stillingar er slått saman med AHL for alle år.

Talet på årsverk utført av toppkompetente (førstelektor, førsteamanuensis, dosent og professor) har auka noko dei siste åra.

Tabell 7.

Faglege årsverk i førstestillingar og professor/dosent på avdelingane (2008-2012). Årsverk innanfor Undervisnings- og forskingsstillingar (UFF) for alle avdelingar i 2012. Prosent toppkompetente av alle årsverk pr avdeling 2012.

	2008	2009	2010	2011	2012	UFF 2012	Pst 2012
AHL	24,7	27,3	28,0	29,4	29,4	69,2	42 %
AKF	3,0	4,8	8,7	7,7	8,8	38,3	23 %
AMF	11,7	11,1	10,0	10,7	11,9	26,0	46 %
ASH	25,0	25,0	26,6	23,8	25,4	45,6	56 %
Fellesadm	1,2	1,2	1,2	1,2	0,2	69,2	0 %
I alt	64,4	68,2	73,3	71,6	75,5	186,2	41 %
Kontroll	65,6	69,4	74,5	72,8	75,7		

For dei tre avdelingane AHL, AMF og ASH utfører toppkompetente mellom 42 og 56 prosent av alle faglege årsverk, medan for AKF utfører toppkompetente 23 prosent av alle årsverk.

3.2 Aldersfordeling

Ein faktor som er sentral i kompetanseutviklinga ved HVO er alderen på dei fagleg tilsette. I tabell 8 er det oppgitt gjennomsnittsalder for toppkompetente ved Høgskulen i Volda 2008-2012 og det nasjonale gjennomsnittet for 2012, innanfor første- og toppstillingar.

Tabell 8:
Gjennomsnittsalder i første- og toppstillingar ved HVO (2008-2012). Gjennomsnittsalder for alle statlege høgskular (2012) (STH)

	2008	2009	2010	2011	2012	STH
Førstelektor (1198)	54	55	56	57	57	57
Førsteamanuensis (1011)	49	48	49	50	50	50
Dosent (1532)		64	63	64	65	60
Professor (1013)	60	60	61	60	60	57

Kjelde: DBH

For tre av dei fire stillingskategoriane har gjennomsnittsalder for dei HVO tilsette heller auka enn minka dei siste åra, noko som tyder på at nyrekruttering gjennom tilsetting og kompetanseheving av høgskulelektorar ikkje heilt held følge med aldersutvikling og naturleg avgang.

Samanlikna med alle statlege høgskular ligg førstelektorar og førsteamanuensar på landsgjennomsnittet etter alder.

For dosentar og professorar er gjennomsnittsalderen for HVOs tilsette høgare enn for andre statlege høgskular. I 2012 er det berre Høgskolen i Finnmark og Høgskolen på Lillehammer som har høgare gjennomsnittsalder på sine professorarar enn Høgskulen i Volda. Dette betyr at høgskulen er meir enn gjennomsnittlig avhengig av rekruttering av og kompetanseheving til toppkompetanse for å opprettholde organisasjonens kompetansenivå. 14 av HVOs professorarar har passert 60 år. Organisasjonen bør i gjennomsnitt rekruttere ca to nye professorar per år i åra som kjem for å halde talet på professorar på dagens nivå.

I vedlegg 1 ligg ei liste over HVOs professorar etter alder.

Tabell 9:
Avdelingsvis gjennomsnittsalder for ulike stillingskategoriar i 2012

Stillingsstype	Førstelektor	1. aman.	Dosent	Professor
AHL	58	50	65	60
AKF	59	37		60
AMF	51	55	66	60
ASH	58	52	63	61
HVO	57	50		60

Kjelde: DBH

Om vi bryt tala for gjennomsnittsalder ned på avdelingsnivå ser vi at AKF har noko yngre førstemanuensar enn dei andre avdelingane. Dette bildet har også vore stabilt over tid, men som vi har sett av andre tabellar er det svært få personar det er tale om her.

3.3 Kjønnsfordeling

FoU-plan	Rapport og planar
2.Utfordringar 2.4 rekruttere fleire kvinner til faglege toppstillingar 4.Resultatmål 4.5 Minst fem fleire kvinner har dosent- eller professorkompetanse. 5.Strategiske arbeidsmåtar 5.9 Kvinner som er nær toppkompetanse, vil bli prioriterte ved tildeling av stipend, stønader eller forskingstid inntil målsettinga om fem fleire er nådd. 7. Strategiar/tiltak på avdelingsnivå 7.3 Tiltak som kan oppmuntre kvinner til å utvikle toppkompetanse	4.2 Personalpolitikk Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen kvinner av tilsette med førstekompetanse skal auke til 35%. Vi har ikkje nådd målet, men auka til 32,1%.

Det er eit uttalt nasjonalt mål å arbeide for kjønnsbalanse i akademien. Kjønnsperspektivet vert også lagt til grunn i vurdering av søknader om midlar frå Forskingsrådet. Til dømes har Forskingsrådet understreka at 3 av 8 SHP-prosjekt tildelte i 2012 hadde kvinneleg prosjektleiar.

I Strategiplan for FoU ved HVO er fleire kvinner med toppkompetanse eit prioritert mål. Likestillingsplanen for Høgskulen i Volda for åra 2009-2013 har peika ut stipendiatvilkår som eit prioritert område innanfor Forskings- og utviklingsarbeid.

Tabell 10:
Kvinneandel av utførte årsverk avdelingsvis for alle tilsette ved HVO (2008-2012)
og gjennomsnitt for alle tilsette på alle statlege høgskular.

	2008	2009	2010	2011	2012
AHL	51	57	52	55	54
AKF	49	52	53	48	52
AMF	17	21	21	21	22
ASH	27	29	35	39	43
HVO (alle tilsette)	45	46	47	48	50
Statlege høgskular	56	56	56	57	58

Tilsette ved Ivar Aasen-instituttet er rekna med blant tilsette på AHL. Tilsette ved Nynorsk-senteret er ikkje tekne med i statistikken.

Kjelde: DBH

Som det går fram av tabellen har HVO ein jamn auke i andel kvinnelege tilsette i åra 2008-2012. I 2012 utførte kvinner for første gong over halvparten av alle årsverk på Høgskulen i Volda. Blant faglege tilsette har kvinner utført over halvparten av alle årsverk sidan 2007.

Høgskulen i Volda har lågare andel kvinnelege tilsette enn gjennomsnittet for statlege høgskular, men skilnaden mellom HVO og resten av landet har minka noko.

Det er store skilnader mellom avdelingane på HVO. Avdelingane AHL og AKF har nokså lik fordeling mellom kjønna. ASH har ei klar overvekt av menn, men kvinneandelen har auka kvart år sidan 2008. Kvinner er framleis sterkt underrepresentert ved AMF og det har vore små endringar i dette bildet dei siste åra.

Om ein ser på kjønnsbalansen innan faglege stillingskategoriar dannar det seg eit anna bilde av kjønnsbalansen på HVO. Hovudbildet er at kvinner er i fleirtal på lågare kompetansenivå og blant førstelektorane, medan menn er i klart fleirtal i førsteamanuensisjiktet og i endå større grad blant professorar.

Tabell 11:
Andel årsverk utført av kvinner i forskjellige stillingskategoriar ved HVO (2008-2012) og for alle statlege høgskular (2012)

	2000	2005	2010	2011	2012	STH
Stipendiat	52	54	68	68	76	62
Høgskulelektor	47	45	53	53	57	62
Førstelektor	17	30	43	59	53	51
Førsteamanuensis	16	20	35	37	36	44
Professor	0	0	2	2	11	29
Professor II	0	0	0	0	0	20
HVO	29	34	44	45	48	54
STH	46	49	53	53	54	

Kjelde: DBH

I stillingskategoriane stipendiatar har det vore kvinnefleirtal sidan 2000, blant høgskulelektor sidan 2008 og for førstelektor har det vore kvinnefleirtal sidan 2011.

Innanfor førsteamanuensisgruppa er det i 2012 ca 1/3 kvinner, og denne andelen har vore stabil dei siste fire åra. HVO har ca 30 førsteamanuensar, og sidan 2009 har HVO hatt ca 10 kvinnelege førsteamanuensar.

Av dei ca 30 HVO-disputasane dei siste ni åra er det 10 kvinner som har disputert, i gjennomsnitt ei kvinne pr år. Dette gir i dag eit forholdstal på 1/3 kvinner både blant ny doktorandar og i førsteamanuensisjiktet. Etter kvart som dei mange kvinnelege stipendiatane disputerer og held fram som HVO-tilsette ligg det til rette for ein auke i andel kvinner blant førsteamanuensane.

Både på Høgskulen i Volda og i landet elles er det klart færrest kvinner i professorsjiktet enn i andre stillingstyper. Høgskulen i Volda har dobla talet på professorar sidan 2005 og er no oppe i knapt 20 stillingar. I 2012 fekk høgskulen to kvinnelege professorar og dermed ein kvinnandel på ca 10 prosent i professorsjiktet.

Det er kanskje ikkje grunn til å vente endringar i form av rask auke i kvinneandelen blant professorane sidan det ser ut til å vere nokså stabilt forholdstal mellom kvinner og menn i førsteamanuensisjiktet og det ser ut til å ta lang tid å få fleire kvinnelege professorar.

3.4 Mellombels tilsette

Trenden i retning av færre mellombels tilsette held fram. Fagleg tilsette i mellombelse tilsettingar utførte i 2012 ca 20 årsverk på HVO, mot ca 30 årsverk i 2011 og ca 40 årsverk i 2009. Det er særleg i sjiktet av høgskulelektorar at det er mange tilsette i mellombelse stillingar. For førsteamanuensar, professorar og dosentar er andelen av årsverk i faste stillingar over 90 prosent.

I tabellen nedanfor er tal som syner andel av av årsverk utført av høgskulelektorar i mellombelse stillingar. For det første kan vi sjå av tabellen at for HVO samla sett har andel i mellombelse stillingar vorte halvert frå 33 prosent i 2009 til 17 prosent 2012. Innanfor avdelingane vil einskildpersonar gjere store utslag, men sidan 2009 er det berre avdeling for samfunnsfag og historie som har hatt ein auke i andel av høgskulelektorar i mellombelse stillingar.

Tabell 12:

Prosentvis andel av høgskulelektorar i mellombelse stillingar, avdelingsvis av andel av årsverk (2008-2012).

Avdeling	2008	2009	2010	2011	2012
Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning	37 %	38 %	28 %	17 %	17 %
Avdeling for kulturfag	22 %	37 %	19 %	16 %	14 %
Avdeling for mediefag	16 %	37 %	34 %	36 %	4 %
Avdeling for samfunnsfag og historie	15 %	16 %	18 %	15 %	24 %
HVO i alt	28 %	33 %	25 %	19 %	17 %

4. Publisering og formidling

4.1 Produksjon av vitenskaplege FoU-poeng ved Høgskulen i Volda

Vitenskaplege publiseringspoeng er ein viktig indikator for høgskulens vitenskaplege produksjon og danner også grunnlag for resultatbasert omfordeling innanfor høgskulesektoren. Tabell 13 gir eit oversyn over høgskulens poengproduksjon sidan 2007.

Tabell 13:
Vitenskapleg produksjon ved HVO. Studentar pr
årsverk (2007-2012).

År	Eksterne (DBH)	Interne	Studentar pr årsverk
2012	90	6 821	21,2
2011	113	4 989	18,4
2010	79	6 178	16,8
2009	85	6 676	16,2
2008	88	5 462	17,5
2007	53	5 193	17,0

Kjelde: DBH og HVO.

Som tabellen syner var 2011 eit rekordår for Høgskulen i Volda med med 113 poeng og 2012 var eit svakare år med 90 poeng. 90 poeng var likevel eit høgt tal for HVO ved at poengproduksjonen var høgare enn åra 2007-2010. Poengproduksjonen må også reknast som sterk når vi veit frå førre kapittel at talet på utførte årsverk ved HVO har gått ned i 2012 samanlikna med dei to førre åra, og som vi ser i tabell 13 er talet på studentar pr fagleg årsverk klart høgare i 2012 enn noko anna år etter 2007.

For 2011 har også feilaktig innrapportering og godkjenning av to publikasjonar gitt HVO seks poeng for høg utteljing. Den reelle vitenskaplege poengproduksjonen for HVO var difor 107. Samstundes var talet for 2010 lavare enn forventa som følgje av ei deklassifisering av verket Norsk presses historie, der HVO elles ville oppnådd 10 poeng, jf. Forskingsmelding 2012. Samla sett syner difor poengproduksjonen for HVO i 2012 ein svak framgang samanlikna med tala frå 2008 og fram til i dag, med unntak av 2011.

Det er mykje som påverkar FoU-produksjonen. Stipendiatar og førsteamanuensar som siktar mot doktorgrad og professorkvalifisering vil ha sterke insentiv for FoU-produksjon. Likeeins vil eksternt finansierte prosjekt tilføre ressursar til forskning. På den andre sida vil undervisningsbyrde i form av førelesingar og rettleiing kunne føre til at tid og overskot til FoU-produksjon hos den einskilde forskaren blir svekka. Dei to største avdelingane ved Høgskulen i Volda (AHL og ASH) har stramma inn på FoU-tida av økonomiske årsaker, noko som ikkje fremjar FoU-produksjon.

I tabell 14 er poengproduksjon (DBH) pr avdeling sett opp. AHLs produksjon varierer mellom ca 40 og 50 poeng pr år. AKF er avdelinga med minst produksjon, men har auka FoU-produksjon kvart år sidan 2009. AMF har produksjon mellom ca 17 og 22 poeng – men med eit unntak for 2010 då ein stor del av den forventa FoU-produksjonen til Norsk Presses Historie vart underkjent. ASH hadde klar vekst fram til og med 2011, men tilbakegang frå 37 til 23 poeng frå 2011 til 2012 tilsvarer ca 1/3 poengreduksjon.

Tabell 14:

Publiseringspoeng pr avdeling pr år. Kr. pr poeng. *) 2008-2012.

Avd	2008	2009	2010	2011	2012
AHL	47,4	42,2	39,2	52,1	41,5
AKF	2,5	0,3	1,4	3,8	5,3
AMF	17,5	21,9	9,6	19,9	20,1
ASH	19,8	20,1	28,9	37,3	23,2
I alt	87,2	84,5	79,1	113,1	90,1
Kr. pr poeng *)	36 240	34 201	33 875	31 952	

*) Høgskulen får tildelt midlane først to år etter publisering.

Over tid har FoU-produksjonen i heile Universitets- og høgskulesektoren auka. Det betyr blant anna at den resultatbaserte inntekta frå FoU-produksjon pr publiseringspoeng har minka. Så sjølv om FoU-produksjonen går opp så kan ein altså oppleve at kronebeløpet går ned.

I tabell 15 er det presentert poengproduksjon pr tilsett for åra 2008-2012, i lag med tal for studentar pr tilsett (studentfaktor) pr avdeling.

Tabell 15:

Avdelingsvis poengproduksjon pr årsverk i fagstillingar (2008-2012). Studentar pr tilsett (2012).

Avd	2008	2009	2010	2011	2012	Student-faktor 2012 *)
AHL	0,71	0,58	0,52	0,70	0,60	25,5
AKF	0,09	0,01	0,05	0,13	0,20	12,3
AMF	0,51	0,57	0,25	0,54	0,52	12,2
ASH	0,43	0,41	0,55	0,73	0,51	28,8
I alt	0,49	0,43	0,39	0,57	0,48	

Tabellen syner at frå 2011 til 2012 er det berre AKF som har ein auke i poengproduksjon pr tilsett. AMF går litt ned medan for AHL og særleg ASH er det klar tilbakegang i poengproduksjon. Ser ein heile perioden under eitt plasserer 2012 seg som eit nokså gjennomsnittleg år – ikkje året med høgast eller lågast poengproduksjon for nokon avdelingar – igjen med unntak for AKF.

Talet på studentar pr tilsett i 2012 syner at dei to største avdelingane AHL og ASH har høg FoU-produksjon pr tilsett, trass i at dei også har høgast faktor for student pr tilsett. AMF og AKF har lågare studentfaktor, men svært ulik FoU-produksjon. Det må her leggest til at AMF har fleire tilsette med førstekompetanse enn AKF.

4.2 Publisering i tidsskrift, antologiar og bøker

NSD fører liste over publikasjonskanalar (tidsskrift, forlag) som er godkjende som som vitenskaplege.³ HVO sine forskningsbidrag i 2012 finst innanfor alle delkategoriar:

Tabell 16:
Publikasjonar fordelt på publiseringskategori

Publiseringskategori	2010	2011	2012
Vitenskapleg artikkel	32	59	30
Vitenskapleg antologi	38	17	62
Vitenskapleg monografi	4	9	3
I alt	74	85	95
Nivå 1	66	76	85
Nivå 2	8	9	10

Tabellen syner at for HVO har det samla talet på publiseringar auka med ca 10 stk dei tre siste åra. Dette står i kontrast til utviklinga i talet på publiseringspoeng som har variert mykje dei siste tre åra. Forklaringa på det er både at i 2011 vart det publisert fleire artiklar i publikasjonar med høgare uttelling, og dessutan var det i 2012 fleire som publiserte i lag med andre slik at poenga vart delt på fleire institusjonar. Av dei 95 publiseringane i 2012 var det samforfattarskap på ca 25 av dei.

Innanfor dei vitenskaplege kategoriane er det ein markant auke i artiklar i vitenskaplege antologiar frå 2011 til 2012 – faktisk ei tredobling, medan for vitenskaplege artiklar er det ei halvering i 2012 samanlikna med året før.

4.3 Publisering etter kompetanse

Publisering i vitenskaplege kanalar er ein føresetnad for å få kompetanseopptrykk til toppstillingar. Så det er ikkje overraskande at til høgare kompetanse til større publisering. Vidare har toppkompetente noko høgare FoU-andel av sine stillingar enn andre tilsette, og har dermed meir tid til å forske innanfor ordinær arbeidstid. Endeleg har toppkompetente også større høve til å skaffe seg prosjektmidlar, noko som også fremjar publisering.

I tabellen nedanfor er det sett opp tal for 2012 når det gjeld årsverk innanfor ulike stillingstypar, sum av vitenskapleg publisering etter tellekantpoeng og endeleg publisering pr årsverk innanfor stillingstypane.

³ <http://dbh.nsd.uib.no/kanaler/>

Tabellen syner at førsteamanuensar og professorar utfører ca ¼ av alle faglege årsverk på HVO, men står for over 2/3 av vitenskapleg publisering. Ser ein på publisering pr årsverk har professorgruppa også klart høgare publisering enn førsteamanuensar, som igjen ligg høgare enn dosentar, stipendiatar og førstelektorar.

Skilnadene mellom førsteamanuensane på den eine sida og førstelektorar og høgskulelektorar på den andre sida er svært mykje større enn ein kunne forvente ut frå prosentdel FoU slik det går fram av den «retningsgjevande prøveordninga» frå 1999 der førstekompetente (både førstelektorarar og førsteamanuensar) har 35 prosent FoU-tid medan høgskulelektorara har 30 prosent FoU-tid.

Tabell 17:

Stillingstyper ved HVO. Årsverk, årsverk i prosent av alle årsverk, publiseringspoeng, publiseringspoeng (prosent) og publiseringspoeng pr årsverk. Rangert etter publisering pr årsverk.

	Årsverk	Pst av årsverk	Poeng	Pst av publisering	Poeng pr årsverk
Høgskulelektor	79,9	43 %	11	13 %	0,1
Førstelektor	22,5	12 %	6	7 %	0,3
Stipendiat	15,2	8 %	6	7 %	0,4
Dosent	4,2	2 %	3	3 %	0,7
Førsteamanuensis	29,8	16 %	31	34 %	1,0
Professor	19,6	11 %	33	37 %	1,7
I alt	186,2	93 %	90	100 %	

4.4 Publisering og kjønn

I Tilstandsrapport for høgare utdanning blir det også oppgitt publiseringsomfang etter kjønn. Tala for HVO samanlikna med andre statlege høgskular er presentert i tabellen nedanfor.

Tabell 18:

Andel av publiseringspoeng av kvinner (2009-2012) (prosent av alle publiseringspoeng). Høgskulen i Volda og gjennomsnitt for statlege høgskular.

	2009	2010	2011	2012
HVO	23	18	14	41
STH	32	41	42	43

Kjelde: Tilstandsrapport for høgare utdanning.

Tabellen syner store endringar frå år til år når det gjeld Høgskulen i Volda. På nasjonalt plan har kvinneandelen av samla publisering lege i overkant av 40 prosent dei siste tre åra, og i 2012 var HVO om lag på landsgjennomsnittet.

4.5 HVOs vitenskaplege aktivitet samanlika med andre statlege høgskular

Eitt av resultatmåla i FoU-planen er at «HVO skal vere blant dei fem beste i høgskulegruppa pr. fagleg tilsett når det gjeld publikasjonspoeng.» Høgskulen i Volda har den største nedgangen i publisering i gruppa av statlege høgskular frå 2011 til 2012, men ligg i lag med høgskulane i Vestfold og Hedmark på ein 4. plass på lista og har dermed nådd denne målsettinga også 2012.

Tabell 19:

Vitenskaplege publikasjonspoeng pr. fagleg årsverk ved eit utval statlege høgskular (2008-2012)

2009		2010		2011		2012	
1. Samisk	0,67	1. Samisk	0,64	1. Samisk	0,85	1. Samisk	0,81
2. Lillehammer	0,62	2. Lillehammer	0,57	2. Lillehammer	0,71	2. Lillehammer	0,64
3. Narvik	0,48	3. Vestfold	0,55	3. Volda	0,54	3. Gjøvik	0,49
3. Oslo	0,48	4. Bodø	0,46	4. Vestfold	0,50	4. Volda	0,48
5. Volda	0,43	5. Narvik	0,42	5. Gjøvik	0,42	4. Vestfold	0,48
6. Bodø	0,42	6. Oslo	0,40	6. Buskerud	0,41	4. Hedmark	0,48
7. Buskerud	0,39	7. Volda	0,39	7. Harstad	0,37	7. Buskerud	0,47
8. Vestfold	0,38	8. Gjøvik	0,36	8. Oslo/Akersh.	0,36	8. Narvik	0,43
9. Molde	0,35	9. Hedmark	0,35	9. Sør-Trøndelag	0,34	9. Østfold	0,39
10. Stord/Hauges.	0,29	10. Harstad	0,33	10. Hedmark	0,33	10. Harstad	0,39

HVO hadde i 2012 størst tilbakegang i poengproduksjon av dei statlege høgskulane. Tilbakegangen i 2012 må sjåast i samanheng med den sterke produksjonen i 2011.

4.6 Interne publikasjonspoeng

Sidan 2001 har Høgskulen i Volda hatt eit internt system for registrering og poenggjeving av FoU-arbeid. FoU-arbeid som får poeng etter det nasjonale systemet («Eksterne») FoU-poeng er ikkje rekna med i den «interne» poenggjevinga. Dette kan vere publikasjonar som lærebøker, artiklar i allmenne tidsskrift, forskingsrapportar og bidrag i media. Dei tilsette registrerer sine bidrag i CRISTin, og så vil FoU-administrasjonen ved HVO klassifisere bidraga etter eit detaljert poengsystem. Systemet vil bli revidert i 2013-2014.

I tabellen nedanfor er det presentert tal for avdelinganes FoU-produksjon målt etter intern poenggjeving.

Tabell 20:
Avdelingsvis produksjon av interne FoU-poeng 2008-2011

Avdeling	2009	2010	2011	2012
AHL	35 %	28 %	35 %	38 %
Iaai	6 %	1 %	3 %	
AKF	16 %	18 %	17 %	12 %
AMF	23 %	29 %	13 %	16 %
ASH	19 %	24 %	33 %	33 %
I alt	100 %	100 %	100 %	100 %
Poeng i alt	6 676	6 178	4 989	6 821
Endring	22 %	-7 %	-19 %	37 %
Uttelling pr poeng (kr)	706	700	600	700

Dei siste fire åra har det samla talet på interne poeng vore nokså stabilt – med unntak av 2011 då det var klart lågare produksjon enn dei tre andre åra. Men i 2011 var det i staden ein svært høg produksjon av eksterne poeng.

Ser ein på utviklinga for avdelingane er det ein nokså klar tendens til at ASH produserer fleire interne poeng, AHL er relativt stabil på eit høgt omfang medan AKF og AMF varierer i sin produksjon nokså mykje frå år til år.

4.6.1 Interne og eksterne publikasjonspoeng etter kompetanse

I tabell 21 er det presentert tal for eksterne og interne publikasjonspoeng etter stillingskategori, fordelt på årsverk. Det overordna bildet blir ikkje endra: Professorar og førsteamanuensar har høgast publiseringsgrad også etter det interne poengsystemet. Høgskulelektorane har noko høgare relativ andel av interne publiseringspoeng enn av eksterne poeng medan stipendiatane har lågare andel av dei interne.

Tabell 21:
Publisering pr årsverk i ulike stillingskategoriar etter kompetanse 2012.

	Eksterne	Interne
Høgskulelærer	0,0	6
Høgskulelektor	0,1	17
Førstelektor	0,3	26
Stipendiat	0,4	14
Dosent	0,7	14
Førsteamanuensis	1,0	82
Professor	1,7	97
I alt	0,5	35

Her er det ikkje presentert tal for tidlegare år, men det ser ikkje ut til at det overordna mønsteret blir særleg endra av å dra inn fleire år i samanlikninga.

4.7 Andel av tilsette som publiserer

Det er eit strategisk mål for HVO at flest muleg av dei fagleg tilsette publiserer. Tabell 22 syner kor stor del av dei tilsette som har notert seg for publiseringar dei eksterne og interne systema dei siste åra.

Tabell 22:

Andel av alle tilsette som publiserer etter eksterne og interne publiseringspoeng. 2005-2012.

	Faglege årsverk	Eksterne: Tal forfattarar	Eksterne: Andel publiseringsaktive	Interne: Tal forfattarar	Interne: Andel publiseringsaktive
2012	186	64	34 %	130	70 %
2011	199	47	24 %	138	69 %
2010	204	48	24 %	132	65 %
2009	199	39	20 %	123	62 %
2008	178	28	16 %	109	61 %
2007	171	36	21 %		
2006	162	28	17 %		
2005	151	21	14 %		

I 2012 var det heile 61 tilsette ved HVO som noterte seg for vitenskapleg publisering. Fordelt på talet på utførte årsverk tilsvarer dette ein publiseringsandel på 33 %, og er det høgste talet sidan HVO tok til å måle publisering på denne måten. Sidan 2008 har andelen publiseringsaktive vorte dubla.


Innanfor dei interne publiseringskategoriane har 130 HVO tilsette publisert i 2012. Det tilsvarer ca 70 prosent av alle tilsette, målt i utførte årsverk. Dette er den høgste andelen publiseringsaktive som har vorte målt ved HVO. Dette er ei utvikling som er i tråd med dei strategiske måla til høgskulen.

4.8 FoU-produksjon og undervisningsomfang

Auka undervisning kan i teorien medføre mindre tid til forskning, og dermed mindre FoU-produksjon. Og omvendt. Studentar pr årsverk kan reknast som eit grovt mål på undervisningsinnsats.

I figur 1 har vi sett i samanheng utviklinga av tal studentar pr årsverk på den eine sida og FoU-produksjon målt i DBH-poeng og interne FoU-poeng på den andre sida. Vi har sett 2009=1. I 2009 var talet på studentar pr årsverk nede i 16,2, noko som er det lågaste talet dei siste 10 åra. Det viser seg at for dei interne FoU-poenga var 2009 eit toppår, og for alle andre år ligg FoU-produksjonen under nivået for 2009. For DBH-poeng ligg både 2008 og 2011 over nivået i 2009, og 2011 var eit rekordår når det gjeld FoU-produksjon innanfor DBH-kategoriane. Nokre få svært produktive einsildforskarar har hatt stor innverknad på statistikken. Det var også ein klar auke i talet på studentar pr årsverk frå 2011 til 2012, noko som også truleg har påverka produksjonen av DBH-poeng. Den klare nedgangen i DBH-poeng frå 2011 til 2012 kan tyde på at 2011 var eit unntaksår.

Figur 1: Utvikling i eksterne og interne publiseringspoeng og studentar pr årsverk 2007-2012 (2009=1).



Det kan ut frå dette sjå ut til at den «normale» produksjonen av DBH-poeng ved Høgskulen i Volda er mellom 80 og 90 poeng.

5. Bidrag- og oppdragsfinansiert FoU-arbeid

FoU-plan	Rapport og Planar
5. Strategiske arbeidsmåtar 5.13 Vi skal søkje om nye prosjekt innanfor SHP og prioritere arbeid med søknader mot andre fagleg relevante NFR-program. 5.14 HVO skal samarbeide om forskingsprosjekt innanfor Mørealliansen, Midtnorsk Nettverk og UHnettVest. 5.15 Vi skal vere med på søknader i internasjonale prosjekt, t.d. under Horizon 2020. 5.16 HVO skal auke omfanget av anvendt forskning mellom anna gjennom betre samarbeid med Møreforskning. 6. Tiltak på fellesnivå 6.9 Legge vekt på å auke søknads- og prosjektleiingskompetansen 7. Strategiar og tiltak på avdelingsnivå 7.5 Tiltak som kan auke omfanget av oppdragsverksemd	Utfordringar og sentrale risikovurderingar Høgskulen i Volda har framleis stor forskings- og publiseringsverksemd, men fleire medarbeidarar burde ta del i denne verksemda. Dette krev: • tydelegare profilering av forskingsverksemda og konsentrasjon av FoU-ressursar på utvalte område i periodar • betre forskingsleiing på operativt nivå – arbeide fram gode prosjektsøknader, drive kollegarettleing og interne forskingsseminar Verksemdmål 3.1: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar i regional utvikling Resultatmål: • Høgskulen i Volda skal oppretthalde same nivået på den eksternt finansierte verksemda i 2012. Vi hadde ein auke i eksternt finansiert aktivitet i åra frå 2007 til 2011. På grunn av omleggingar i det nasjonale systemet for kompetanseutvikling for lærarar og svikt i løyvingar frå NFR, klarte vi ikkje å halde oppe dette nivået i 2012. Vidare vart rutinane for oppdragsaktivitet reviderte i 2012, og etter dette er ikkje tala frå rekneskapen i 2012 heilt samanliknbare med tidlegare år. Noko av det som tidlegare vart rekneskapsført som oppdrag, vert no rapportert som sal.

Dei siste åra har HVOs inntekter frå Forskringsrådet gått klart nedover – spesielt frå 2010 til 2011.

Tabell 23 syner omfang på eksterne FoU-inntekter fra bidrag og oppdrag i åra 2008-2012.

Tabell 23:

Bidrag- og oppdragsinntekter 2008-2012

Finansieringskjelde	2008	2009	2010	2011	2012
Noregs forskingsråd	7 311	7 450	6 780	3 803	3 620
EU-inntekter	0	0	0	0	0

Tala for inntekter frå NFR er henta frå DBH («Indikatorer i Resultatbasert Omfordeling»).

Prosjektinntektene frå Noregs forskingsråd vart nesten halvert frå 2010 til 2011, hovudsakleg fordi HVO avslutta eitt SHP-prosjekt samtidig som det ikkje kom til eit nytt.

Tal for andre inntekter frå FoU- er ikkje teke med i denne tabellen då det her pågår eit utgreiingsarbeid på HVO som blant anna handlar om klassifisering av ulike typer av inntekter.

5.1 Forskingsmidlar til statlege høgskular


Forskingsrådet er den største einskildkjelda for finansiering av forskning i Noreg. For 2012 gjekk over 90 prosent av Forskingsrådets inntekter til universiteta. Dei statlege høgskulane, inkludert Høgskulen i Volda fekk ca 5 prosent av løyvingane frå Forskingsrådet, i alt ca 130 millionar kroner i 2012.

Høgskulen i Voldas forskingsrådsinntekter på ca 3,6 millionar kroner er blant dei lågare blant statlege høgskular.

Forskingsrådets midlar vert på overordna nivå fordelte etter politisk utvalde satsingsområde, som til dømes næringar som vert vurderte som strategisk viktige i nasjonal samanheng og gjerne også har fått sterk regional støtte. Høgskular med utdanningar og forskingsmiljø innanfor teknologiske fag kjem her gunstig ut og får tildelt langt meir forskingsmidlar enn den vitskaplege produksjonen skulle tilseie. Høgskular med lærarutdanning, sjukepleie og andre profesjonsutdanningar retta inn mot offentleg sektor kjem hovudsakleg ikkje så godt ut av denne fordelinga.

Eit paradoks knytt til denne prioriteringa av teknologiske fag er at det førebels er vanskeleg å sjå at satsinga på teknologisk forskning har ført til ein radikal auke i publisering for alle høgskulane som har vorte prioriterte på denne måten.

Figur 2: Publiseringsovmfang (2012) og forskingsmidlar frå Noregs forskingsråd (2012) for statelege høgskular.



5.2 EU-midlar

Tal frå DBH syner at for åra 2008-2012 var inntektene frå Noregs Forskingsråd ca 10 gonger så store som inntektene frå EU for norske statlege høgskular samla sett. I 2012 var det berre Høgskulen i Gjøvik som hadde store inntekter frå EU, med nærare 8 millionar kroner – hovudsakleg frå eit prosjekt innan fargestyring for trykkeribransjen der Høgskulen i Gjøvik er koordinator. Høgskulen i Oslo og Akershus hadde på si side eit underskot på EU-forskingsmidlar på heile 4 millionar kroner. HIOA er som landets største statlege høgskule med ca 1.000 faglege tilsette involvert i ca 25 EU-prosjekt, både som deltakar og koordinator. Høgskulane i Vestfold, Østfold, Sør-Trøndelag og Sogn og Fjordane har EU-inntekter mellom ca kr 150.000 og kr 600.000. Høgskolen i Vestfold fungerer også som EU-koordinator for Vestfold Fylkeskommune og bedrifter i Vestfold som orienterer seg mot EU-prosjekt.

Ved Høgskulen i Volda startar eitt EU-finansiert prosjekt opp i 2013. Prosjektet har tittelen: «Travelling TexTs. The Transnational Reception Of Women's Writing At The Fringes Of Europe», og handlar blant om kvinnelege forfattarar, lesarar og kritikarar på 1800-talet. Prosjektet spør blant

anna om kvifor kvinnelege litteratar blei oversett i dei nasjonale litteraturhistoriene. Prosjektet sprang ut av eit såkalla COST-nettverk med deltakarar frå fleire land i åra 2009-2013, og midlane til å gjennomføre prosjektet kom frå HERA (Humanities in the European Research Area). I Volda er det Marie Nedregotten Sørbo som har delteke i COST-nettverket og vore ein viktig aktør i arbeidet med å få gjennomslag for prosjektet i EU, og ho vil også arbeide på sjølv hovudprosjektet. Prosjektet vil tilføre Høgskulen i Volda prosjektmidlar på til saman 1,4 mill i åra 2013-2017.

6. Oppsummering

Status for FoU-arbeidet ved Høgskulen i Volda er i hovudsak positiv. Høgskulen har det største vitskaplege fagmiljøet mellom Bergen og Trondheim og har i fleire år vore i tetsjiktet av statlege høgskular når det gjeld kompetanse og vitskapleg produksjon. Det er nesten like mange professorar/dosentar ved Høgskulen i Volda som ved dei tre andre høgskulane i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane til saman.

I høve til ei rekkje strategiske mål går Høgskulen i rett retning, eller er på god veg.

Høgskulen står likevel overfor ei rekkje utfordringar. Det er store variasjonar i kompetansenivå mellom avdelingane. Kombinasjonen av færre førsteamanuensar og fleire eldre professorar enn gjennomsnittet for statlege høgskular tyder på at Høgskulen i Volda risikerer lågare samla kompetansenivå og dermed mindre publisering i åra som kjem.

Høgskulen har teke tak i desse utfordringane blant anna ved å innføre ei ordning med interne professorstipend hausten 2013. Det har meldt seg 11 søkjarar på stipenda og tildeling vil skje etter årsskiftet 2013/2014. Forskingsutvalet føreset at ordninga kan bli vidareført med ny utlysing i 2014. Professorstipenda vil gå over 5 år, så det vil ta fleire år før dette og andre tiltak får målbar verknad i form av nye professorkompetente.

Omfanget av eksternt finansierte prosjekt har vore på eit lågare nivå dei siste to åra enn i åra tidlegare og det kan virke som om fagmiljøa ved Høgskulen generelt sett har låg kapasitet til å vere ein aktiv prosjektsøklar.

Det er eit generelt inntrykk at fagtilsette opplever at dei individuelle arbeidsplanane ikkje har særleg rom for initiering av nye forskingsprosjekt. Prosjektinitiering er gruppearbeid som har høg risiko for avslag. Arbeid med prosjektsøknader kan dermed framstå som risikabelt samanlikna med å drive individuell kompetansebygging i form av publisering. Høgskulen ønskjer å vri forskingsfinansiering i retning av å tildele såkornmidlar for å møte desse utfordringane.

Det vart i 2013 tildelt såkornmidlar til tre prosjekt som også vart prioriterte som høgskulens kandidatar for midlar frå Forskingsrådets program Strategiske Høgskuleprosjekt (SHP). Fagpersonane bak dei tre prosjekta arbeider godt fram mot søknadsfristen 12. februar 2014.

Høgskulen har sett ned tre arbeidsgrupper som tidleg i 2014 skal leggje fram vurderingar av utfordringane når det gjeld rekruttering, styring av FoU-tid og omfang av eksterne inntekter.

Høgskulen har sterkt fokus på stipendiatane og har innført tiltak for å betre gjennomføringsgraden for stipendiatar. I 2013 vil heile 7 HVO-tilsette disputere. Av dei har 6 vore stipendiatar ved HVO. I åra 2010-2012 vart det til saman gjennomført 6 HVO-relatete disputasar, men ingen av dei som disputerte hadde vore stipendiatar ved Høgskulen i Volda. I 2013-2014 vil dei fleste som tok til i stipendiatprogrammet i fagdidaktikk vere ferdig med sine stipendiatperiodar og det er grun til å håpe på mange disputasar også i 2014. I 2013 har fire HVO tilsette teke til på den 5-årige ordninga med interne PhD-studium, noko som er ein klar vekst.

Vedlegg 1:**Professorar og dosentar ved Høgskulen i Volda pr 31. desember 2012.****Ordna etter fødselsår.**

Namn	Stilling	Avdeling	F.år
Høst, Sigurd	Professor II	AMF	1942
Melle, Oddbjørn Magne	Professor	ASH	1944
Ulstein, Jan Ove	Dosent	AHL	1944
Torkildsen, Ole Einar	Professor	AHL	1944
Myklebust, Jon Olav	Professor	ASH	1945
Amdam, Jørgen Einar	Professor	ASH	1945
Aarset, Terje	Professor	AHL	1945
Løvlie, Birger	Dosent	AHL	1946
Sørenssen, Bjørn	Professor II	AMF	1946
Øy, Nils E.	Høgsk.dosent II	AMF	1946
Haug, Peder	Professor	AHL	1947
Døssland, Atle	Professor	ASH	1948
Kvalsund, Rune	Professor	ASH	1949
Ekeland, Tor Johan	Professor	ASH	1949
Heggen, Kåre	Professor	ASH	1949
Brønn, Peggy	Professor II	AMF	1949
Hunnes, Odd Ragnar	Dosent	ASH	1948
Redse, Arne	Professor	AHL	1950
Amdam, Roar	Professor	ASH	1951
Bele, Irene	Professor	AHL	1951
Simonnes, Asbjørn	Dosent	AHL	1951
Åm, Magnar	Professor II	AKF	1952
Løseth, Arnljot	Professor	ASH	1952
Terum, Lars Inge	Professor II	Fellesadm	1952
Pedersen, Willy	Professor II	ASH	1952
Gjems, Liv	Professor II	AHL	1953
Sørbo, Jan Inge	Professor	ASH	1954
Walton, Stephen	Professor	AHL	1958
Okkenhaug, Inger Marie	Professor	ASH	1963
Schulte, Michael	Professor	ASH	1963
Orning, Hans Jacob	Professor	ASH	1965
Roppen, Johann	Professor	AMF	1967

Vedlegg 2:

Årsverk i faglege stillingar 2012 for HVO. Stillingsgruppe, Stillingskategori, stillingstype (kode) for administrative einingar ved Høgskulen i Volda.

Kjelde: DBH.

Gruppe	Kategori	Stilling	Still.kode	AHL	IAal	AKF	AMF	ASH	Fellesadm.	Nynorsk	I alt
UFF	UF	Høgskulelærer	1007	1,1	0,0	4,3	5,4	0,0	0,0	1,4	12,2
UFF	UF	Høgskulelektor	1008	31,2	0,3	21,4	6,9	15,6	0,0	3,5	78,9
UFF	UF	Amanuensis	1010	1,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,0
UFF	UF	Førstelektor	1198	4,8	0,0	4,7	4,0	9,0	0,0	0,0	22,5
UFF	UF	Førsteamanuensis	1011	14,6	0,2	3,8	6,2	4,0	1,0	0,0	29,8
UFF	UF	Forsker	1109	0,0	0,0	0,0	1,0	0,0	0,0	0,0	1,0
UFF	UF	Dosent	1532	3,0	0,0	0,0	0,0	1,0	0,0	0,0	4,0
UFF	UF	Høgskoledosent	1012	0,0	0,0	0,0	0,2	0,0	0,0	0,0	0,2
UFF	UF	Professor	1013	7,0	0,0	0,0	1,2	11,4	0,0	0,0	19,6
		I alt UF		62,7	0,5	34,2	24,9	41,0	1,0	4,9	169,2
UFF	Rekrutt	Stipendiat	1017	5,0	0,0	3,8	0,8	4,6	0,0	1,0	15,2
UFF	Rekrutt	Postdoktor	1352	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
UFF	Professor II	Professor II	9301	0,0	1,0	0,3	0,3	0,0	0,2	0,0	1,8
		I alt UFF		67,7	1,5	38,3	26,0	45,6	1,2	5,9	186,2

UFF = Undervisnings-, forsknings- og formidlingsstillinger (DBH-terminologi).

UF = Undervisnings- og forskerstillinger (DBH-terminologi).

IAal = Ivar Aasen instituttet.

Nynorsk = Nynorsksenteret.

Felles = Fellesadministrasjonen. Faglege stillingar er her FoU-leiar og prorektor (20 % stilling).

Vedlegg 3: Strategiplan for Forsking og utvikling (FoU) 2012-2015

Dei einskilde punkta i planen er her nummererte, dette til skilnad frå dokumentet som vart vedtatt av styret.

1. Visjon for HVO: Kunnskap for framtida

Høgskulen i Volda skal bygge FoU-aktiviteten på ei brei humanistisk og samfunnsfagleg felles plattform. Den regionale og nasjonale forskingsprofilen vår skal utviklast vidare på dette grunnlaget.

2. Utfordringar

HVO treng å:

- 2.1 sikre fagtilsette betre utnytting av FoU-delen av stillingane
- 2.2 skape fleire høve til konsentrerte FoU-bolkar
- 2.3 få betre gjennomstrøyming av doktorgradskandidatar
- 2.4 rekruttere fleire kvinner til faglege toppstillingar
- 2.5 få til betre kollegarettleiing
- 2.6 få fleire FoU-aktive
- 2.7 få auka søknads- og prosjektleiingskompetanse
- 2.8 utnytte eigarskapen til Møreforsking til felles forskningssatsingar
- 2.9 få meir eksternt finansiert forskning
- 2.10 få meir fokus på internasjonalisering

3. Overordna mål

Forsking og utviklingsarbeid ved høgskulen har som overordna mål å bidra til kunnskapsutvikling innanfor alle høgskulens utdanningsområde.

Forsking og utvikling ved
høgskulen skal:

- 3.1 halde oppe og utvikle høg kompetanse gjennom forskning på fag vi underviser i
- 3.2 styrke det forskingsbaserte kunnskapsgrunnlaget på bachelor- og masterutdanningane
- 3.3 bidra til kunnskapsbasert praksis, og kritisk og reflektert profesjonsutøving
- 3.4 vektlegge FoU i profesjons- og fagutdanning for skule og samfunn
- 3.5 vektlegge FoU innanfor nynorsk, språk og kulturforståing, mediefag, religion/etikk, historie og praktisk-estetiske fag
- 3.6 legge praktisk til rette for at fagtilsette kan konsentrere FoU-timane til bolkar eller forskningsterminar
- 3.7 auke andelen FoU-aktive gjennom kollegarettleiing
- 3.8 arbeide for at alle avdelingar får naudsynt toppkompetanse med tanke på nasjonale og internasjonale forskingsoppdrag

- 3.9 samarbeide med Møreforskning om gjensidig utvikling av FoU-verksemnda
- 3.10 legge til rette for at stipendiatane kan gjennomføre doktorgradsarbeidet på normert tid
- 3.11 bidra til utvikling og innovasjon i arbeidslivet, særleg i vår region
- 3.12 ha internasjonal standard, aukande samarbeid med forskarar i andre land også innafor EU- programma

4. Resultatmål i planperioden

- 4.1 Alle tilsette med FoU-ressurs har i perioden delteke med innlegg på konferanse, artikkel i tidsskrift eller kunstnarleg/fagleg utviklingsarbeid registrert i Cristin.
- 4.2 Minst 50 % av dei tilsette med FoU-ressurs har kommunisert faget sitt internasjonalt: på konferanse, i antologi, monografi, tidsskrift eller prosjektdeltaking.
- 4.3 HVO er blant de fem beste i høgskulegruppa når det gjeld publikasjonspoeng pr. fagleg tilsett.
- 4.4 Minst 50% av alle fagtilsette har førstekompetanse.
- 4.5 Minst fem fleire kvinner har dosent- eller professorkompetanse.
- 4.6 Forskarar ved HVO har delteke i fleire EU-finansierte forskingsprosjekt/nettverk.
- 4.7 Minst 75 % av dei som har planlagt å fullføre doktorgrad med støtte frå HVO i planperioden har fullført.
- 4.8 HVO har fått tilslag på minst eitt nytt SHP-prosjekt (Strategiske høgskuleprogram) og ytterlegare tre NFR-finansierte prosjekt (Noregs forskingsråd).

5. Strategiske arbeidsmåtar

- 5.1 Høgskulen vil i perioden satse spesielt på meir effektive måtar å nytte FoU-ressursen i stillingane. Vi har gode resultat i dag, men potensialet er større. Avdelingane/institutta bør difor legge til rette for at FoU-ressursen kan bli tatt ut i konsentrerte bolkar, gjerne i heile semester. Ved planlegging over to år vil ein til dømes kunne undervise meir i tre semester og ta ut det fjerde som forskingstermin. Tiltaket krev ingen ekstra kostnader, men vil kunne gje god økonomisk og fagleg utteljing.
- 5.2 Det blir forventat at fagleg høgskuletilsette driv FoU-arbeid. Dekanen har ansvar for at forskingsplikta blir oppfylt. Plan for bruk av FoU-ressursen skal godkjennast av dekan på førehand, og rapport skal leverast for kvart kalenderår. Dekan syter for oppfølging av dei som ikkje er aktive.
- 5.3 Høgskulen vil følgje opp dei interne forskingsprogramma som vart tildelt i førre periode og evaluere desse med tanke på moglege nye satsingar på andre fagfelt.
- 5.4 Høgskulen vil vidareføre ordninga med små driftsmidlar til enkeltforskarar med gode prosjekt.

- 5.5 Høgskulen skal framleis ha ein intern fordelingsmodell for FoU-inntekter for å sikre brei og relevant fagleg aktivitet.
- 5.6 Høgskulen vil styrke finansieringa av FoU-stipenda.
- 5.7 HVO vil nytte seg av ressursane som ligg i forskarskulane vi har avtale med: Religions, Values, Society, Nasjonal Forskerskole for Lærerutdanning og Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies, og delta i etableringa av nye forskarskuler innanfor strategisk viktige område.
- 5.8 Stipendiatar skal følgjast opp slik det går fram av regelverk for stipendiatar, revidert 2011.
- 5.9 Rettleiinga skal ha spesielt fokus på planlegging for gjennomføring. Ein skal nytte seg av stipendiatane sine erfaringar og undervegs-evaluering for å sikre god tilrettelegging.
- 5.10 Kvinner som er nær toppkompetanse, vil bli prioriterte ved tildeling av stipend, stønader eller forskingstid inntil målsettinga om fem fleire er nådd.
- 5.11 Toppkompetansen bør nyttast strategisk t.d. for å drive fag/respons-grupper der tilsette kan legge fram uferdige arbeid. Spesielt kan den rettast mot nyare tilsette som treng råd for å skrive konferansepapir/artikkel. Også professor II-stillingane bør nyttast slik.
- 5.12 HVO vil oppmuntre til studentaktiv forskning.
- 5.13 Alle avdelingane skal i samråd med informasjonskontoret aktivt spreie opplysing om gode FoU-resultat til oppmuntring for dei som står bak, og til profilering av verksemda.
- 5.14 Vi skal søkje om nye prosjekt innanfor SHP og prioritere arbeid med søknader mot andre fagleg relevante NFR-program.
- 5.15 HVO skal samarbeide om forskingsprosjekt innanfor Mørealliansen, Midtnorsk Nettverk og UHnettVest.
- 5.16 Vi skal vere med på søknader i internasjonale prosjekt, t.d. under *Horizon 2020*.
- 5.17 HVO skal auke omfanget av anvendt forskning mellom anna gjennom betre samarbeid med Møreforskning.

6. Tiltak på fellesnivå

- 6.1 Evaluere program for fagdidaktisk forskning i løpet av 2012
- 6.2 Evaluere program for profesjonsforskning i 2013. Desse evalueringane skal gje grunnlag for å vurdere eventuell ny programsatsing
- 6.3 Evaluere og eventuelt vidareføre førstelektorkurset
- 6.4 Utarbeide tiltak for å stimulere til FoU-samarbeid på tvers av avdelingar for å nytte kompetanse og ressursar på best måte
- 6.5 Sikre betre koordinering av ressursane i forskarskular, kurs og forum for stipendiatar og tilsette
- 6.6 Gjere ein gjennomtenking av HVO sine personalbehov og prioritere framtidig stipendiatsatsing
- 6.7 Utvikle felles kriterier for tildeling av FoU-ressurs
- 6.8 Legge vekt på å auke søknads- og prosjektleiingskompetansen

6.9 Følgje opp nytilsette med tanke på kompetanseplan

7. Strategiar og tiltak på avdelingsnivå

- 7.1 Strategiske satsingsområde på avdelingsnivå, knytt til behovet for forskingsbasert undervisning på bachelor, master- og eventuelt doktorgradsnivå i fireårsperioden
- 7.2 Plan for utnytting av FoU-ressursen i stillingane, med spesiell vekt på mogleg bolkelegging/forskingstermin
- 7.3 Tiltak som kan oppmuntre kvinner til å utvikle toppkompetanse
- 7.4 Tiltak som kan betre gjennomføringsgraden for doktorgradskandidatar
- 7.5 Tiltak som kan auke omfanget av oppdragsverksemd
- 7.6 Tiltak som kan auke graden av internasjonalt engasjement